



Notat

Dato: 06.12.2016

Arkivsak: 2014/11856-176

Saksbehandlar: gurklyv

Til: Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Tinglysing av avtale om rett for Bergen kommune til å leggje leidningar for vatn- og avlaup på gnr. 97 bnr. 1 på Stend i Bergen.

Bergen kommune v/Grønn etat er ansvarleg for etterdrift av det nedlagte avfallsdeponiet i Rådalen. Delar av deponiområdet ligg på Hordaland fylkeskommune sin eigedom på Stend: gnr. 97 bnr. 1.

Grønn etat vil etablere eit system for handtering av overvatn (regnvatn) frå deponiområdet, og dei vil lage opne grøftar/leidningar for å leie vatnet bort.

I tillegg skal Bergen kommune v/Vann- og avløpsetaten sanere kloakkutslepp i indre delar av Fanafjorden, og dei vil i den samanheng leggje leidningar for vatn- og avlaup samtidig med Grønn etat sine tiltak ved det nedlagte deponiet i Rådalen.

Det er inngått avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune v/Grønn etat og Vann- og avløpsetaten som gjev kommunen rett til å leggje leidningar og opne grøftar på fylkeskommunal grunn (gnr. 97 bnr. 1).

Kommunen ønskjer å tinglyse avtalen. Avtalen er signert av Hordaland fylkeskommune v/Eigedomsdirektøren, og for å kunne tinglyse dokumentet må fylkesordførar samtykke til tinglysing, jf. kommunelova § 9 tredje ledd.

Vi ber såleis om signatur på side 3 i avtalen under teksten «Avtalen kan tinglyses».

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga